

## Den tristaste dagen

Tidsmaskinen landar igjen.

«Vi er tilbake i Snippen! Det er berre eitt år sidan!» seier Ina.

Sam kjenner at noko er rart. Han veit kva det er. Han går til Snippen 1F. Der budde Kanon-farfar heilt til nettopp denne dagen for eitt år sidan.

Ut av døra kjem faren til Sam og onkel Ola. Dei ber kista til farfaren mellom seg.

I døra kan Sam sjå seg sjølv. Han græt både den gongen og no. Han hugsar den triste, tunge klumpen i magen. Sam veit at det alltid vil vere eit stort hol etter farfaren. Ein plass i hjartet som ingen kan fylle. Ingen andre enn Kanon-farfar.

Ina og onkel Ola går heilt bort til Sam. Dei legg armene rundt han.

«Så, så, Sam,» trøystar Ina. «Eg saknar også Kanon-farfar.»

«Men no veit vi i alle fall kva bokstaven er,» seier Sam.

«Det er F for verdas beste Farfar.»



### Oppgaver:

Sjå Elevbok 4B side 122.

Gjer oppgåvene 1, 2 og 3.